

HAMNEFJELL VINDKRAFT AS  
Postboks 1500  
9506 ALTA

**Vår dato:** 29.08.2022

**Vår ref.:** 200701187-155

**Dykkar ref.:**

## Hamnefjell Vindkraft AS - vedtak

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser til søknad av 07.09.2021 frå Advokatfirmaet Selmer på vegne av Hamnefjell Vindkraftverk AS (HV), om utsett frist for idriftsetting av Hamnefjell vindkraftverk trinn II i Båtsfjord kommune, Troms og Finnmark fylke.<sup>1</sup> HV søker om utsett frist for idriftsetting av andre byggetrinn av Hamnefjell vindkraftverk frå 31.12.2021 til 31.12.2026 og forlenging av konsesjonens varigheit til 25 år frå det tidspunkt trinn II blir satt i drift, seinast 31.12.2051.

### NVEs vedtak

Med heimel i energilova § 3-1, jf. § 10-4 andre ledd, gir NVE Hamnefjell Vindkraftverk AS utsett frist for idriftsetting av Hamnefjell vindkraftverk trinn II frå 31.12.2021 til 31.12.2026 og ei tilsvarende utsetting av sluttdatoen for konsesjonens varigheit; 25 år frå det tidspunkt trinn II blir satt i drift, seinast 31.12.2051.

## 1 Bakgrunn

Endeleg anleggskonsesjon for Hamnefjell vindkraftverk vart tildelt Finnmark Kraft AS 29.02.2012.<sup>2</sup> Den 12.02.2013 vart konsesjonen overført til Hamnefjell Vindkraft AS.<sup>3</sup>

I brev av 07.09.2021 søker HV om utsett frist for idriftsetting av det andre byggetrinnet i Hamnefjell vindkraftverk som følgje av manglande kapasitet i transmisjonsnettlet på noverande tidspunkt. Dei skriv vidare at utbygginga av vindkraftverket vart delt opp i to byggetrinn for å utnytta ledig kapasitet i transmisjonsnettlet. Det første byggetrinnet vart satt i drift i 2017 og har ein installert effekt på 51,8 MW.

---


<sup>1</sup> NVE ref. 200701187-150

<sup>2</sup> NVE ref. 200701187-118

<sup>3</sup> NVE ref. 200701187-127



HV har tidlegare søkt og fått innvilga utsett frist for idriftsetting av det andre byggetrinnet frå 01.01.2020 til 31.12.2021.<sup>4</sup> Ein oversikt over planområdet og første byggetrinn er vist i Figur 1.



**Figur 1. Eit kartutsnitt som syner planområdet til Hamnefjell vindkraftverk (grøn strek) og det første byggetrinn. Det andre byggetrinn er planlagt lengre ut på platået, nord for det første byggetrinnet. Kjelde: NVE Temakart.**

## 2 Høyring

Den 10.09.2021 sendte NVE søknaden på høyring til Båtsfjord kommune, Statsforvalteren i Troms og Finnmark, Troms og Finnmark fylkeskommune, Varanger Kraftnett AS, Finnmarkseiendommen (FeFo), Forum for Natur og Friluftsliv Finnmark, Motvind Nord Vuostabiegga Davvin, Naturvernforbundet i Finnmark, Norges Miljøvernforbund, Norske Reindriftsamers Landsforbund, Norwea, Raggonjarga (Rakkonjarga) reinbeitedistrikt - Reinbeitedistrikt 7 Øst-Finnmark, Sametinget og Statnett SF. NVE bad vidare HV orientera aktuelle grunneigarar og eventuelt andre rettshavarar om søknaden. Høyringsfristen var 01.10.2021.

<sup>4</sup> NVE ref. 200701187-149



NVE fekk høyringsssvar frå Båtsfjord kommune, Statnett SF, Varanger Kraftnett AS, Raggonjarga (Rakkonjarga) reinbeitedistrikt - Reinbeitedistrikt 7 og Dream Team bussen. NVE sendte høyringsssvara til HV for kommentar den 11.10.2021 og fekk svar 14.10.2021.<sup>5</sup> NVE har valt å samanstillast høyringsssvara og HV sine kommentarar etter tema.

## **2.1 Innkomne høyringsssvar**

### **2.1.1 Lokale vedtak**

Båtsfjord kommune skriv at dei er positive til ei utsett frist for idriftsetting. Dei viser til at lokalbefolkninga er positive til vindkraftverket og at infrastruktur allereie er bygd ut i samband med første byggetrinnet. Kommunen skriv vidare at det andre byggetrinnet ligger inntil det første byggetrinnet og vil ikkje føra til ytterlegare belastning av området.

Båtsfjord kommune viser til at det er stor likskap mellom søknaden om utsett frist for Hamnefjell trinn II og Raggovidda trinn III som fekk innvilga utsett frist for idriftsetting til 31.12.2026.

HV registrerer at Båtsfjord kommune er positiv og skriv vidare at dei opplever at HV har stor støtte i lokalsamfunnet.

### **2.1.2 Nettkapasitet**

Barents Nett AS, tidlegare Varanger Kraftnett AS, skriv at dei har gjort dei naudsynte investeringane i regionalnettet for å kople til det andre byggetrinnet. Dei skriv vidare at dei registrerer at kapasiteten til det andre byggetrinnet ikkje kan nyttast på grunn av avgrensingar i transmisjonsnettet ut frå Varangerbotn transformatorstasjon.

Statnett SF skriv at dei planlegg å forsterka transmisjonsnettet inn til Aust-Finnmark og har søkt om konsesjon til ny 420 kV leidning mellom Skaidi og Lebesby. Dei skriv vidare at dei planlegg å søka om konsesjon til ein 420 kV leidning frå Lebesby til Seidafjellet ved Varangerbotn, og avventar avklaring med vindkraftaktørane for å senda søknaden. Dei skriv at ein forlenga frist for idriftsetting av Hamnefjell vindkraftverk vil vera i samsvar med denne søknaden.

### **2.1.3 Reindrift**

Reinbeitedistrikt 7 skriv at dei kan godta søknaden om utsett frist for idriftsetting. Dei skriv at dette forutset at Finnmark Kraft held seg til punkt 5 i avtalen mellom Finnmark Kraft og Reinbeitedistrikt 7, som opnar for reforhandling om justering av avbøtande tiltak basert på erfaring etter at det første byggetrinnet kom i drift.

---

<sup>5</sup> NVE ref. 200701187-159



Reinbeitedistriktet skriv vidare at drifta av det første byggetrinnet i Hamnefjell vindkraftverk har påført distriktet ekstra kostnadar og ressursbruk for å tilpassa reindriften. Dei skriv at den visuelle effekten av vindturbinane har ført til større endringar i reinens bevegelsar, noko som har stilt store krav til reindriftsutøvarane for å sikra ei forsvarleg drift og godt dyrehald.

HV skriv at dei er i dialog med Reinbeitedistrikt 7 med sikte på å få på plass ein revidert avtale.

#### **2.1.4 Andre tema**

Carl Omlie frå Dream Team bussen er negativ til utsett frist for idriftsetting fordi han meiner at Båtsfjord ikkje treng meir kraft.

### **3 Oppdaterte vurderingar**

I etterkant av høyringa bad NVE HV i brev av 11.11.2021 om oppdaterte vurderingar av verknadar for reindriften på bakgrunn av ny kunnskap frå forskning på vindkraft og reindrift, og erfaringar frå drift av det første byggetrinnet i Hamnefjell vindkraftverk.<sup>6</sup> Me bad også om ei vurdering av andre tema der kunnskapsgrunnlaget var vesentleg endra sidan konsekvensutgreiinga for vindkraftverket var utarbeida.

NVE fekk tilsendt oppdaterte vurderingar den 14.02.2022.<sup>7</sup> Vurderingane er samla i tre rapportar, *oppdatering av konsekvensutredningar*, *oppdatering av grunnlag for rødlistede arter per 2021* og *konsekvensvurdering reindrift*.

#### **3.1 Oppdatert konsekvensutgreiing**

I rapporten står det at det er gjennomført ei oppdatering av konsekvensvurderingane som vart utarbeida i samband med konsesjonssøknaden frå 2011. For dei fagområda der det er slått fast at det kan vera ny relevant informasjon, er det føretatt ei nærmare utgreiing. Rapporten konkluderer med at det ikkje er avdekkja store endringar innanfor fagområda som gir vesentlege endringar for konsekvensutgreiinga.

For tema synlegheit står det at vindturbinane i det andre byggetrinnet blir større enn i det første byggetrinnet, men at det andre byggetrinnet vil bestå av betydeleg færre vindturbinar. Det står vidare at vindturbinane i det første byggetrinnet vil vera dei dominerande når ein ser vindkraftverket frå Båtsfjord.

For tema støy står det at støyen frå vindturbinane i det første byggetrinnet er i tråd med forventingane. Vidare står det at det er usannsynleg at det andre byggetrinnet vil påverka

---

<sup>6</sup> NVE ref. 200701187-160

<sup>7</sup> NVE ref. 200701187-161



busetnadane meir enn det første byggetrinnet, sidan det andre byggetrinnet ligg vesentleg lengre unna busetnad.

Straumproduksjonen i det første byggetrinnet var på førehand estimert til 185 GWh/år. Produksjonsdata syner at den har vore på 215 GWh/år, ein auke på 15 % samanlikna med estimatet. I rapporten er det anslått at det andre byggetrinnet også vil gi høgare straumproduksjon enn estimert i konsesjonssøknaden.

### **3.2 Oppdatert raudliste**

I rapporten står det at det er gjennomført søk i kartdatabasen til Artsdatabanken og Miljødirektoratet for planområdet etter nye registreringar sidan den førre konsekvensutgreiing av områder i 2011, spesielt med tanke på raudlista artar. Mange av artsregistreringane i og i nærleiken av planområdet er av raudlista fuglar. Av desse har fem fått forverra status i den oppdaterte raudlista i 2021.

Det er ikkje registrert nokre nye funn av raudlista artar sidan førre konsekvensutgreiing i tiltaksområdet. Den samla konsekvensgraden for området blir ut i frå informasjon som er samla i rapporten satt til «noko miljøskade (-) for området». Vidare står det at det ikkje er blitt gjort nokre systematiske undersøkingar etter at første byggetrinn vart satt i drift og at det kan være nyttig med supplerande oppdatert kartlegging av fugl for planområdet.

### **3.3 Reindrift**

I rapporten står det at det første byggetrinnet i Hamnefjell vindkraftverk har ein klar skremmeeffekt på rein og dermed reduserer reinens beitebruk nær konsesjonsområdet. Vidare står det at reinen ikkje skyr området fullstendig, men opplever eit negativt «trykk» frå turbinane.

I rapporten står det at Hamnefjell vindkraftverk ikkje ligg nær kalvingsland eller dei viktigaste haustområda til reinen. Det står at reinen i mindre grad/ikkje skyr vindkraftverket om sumaren, og at det er rimeleg å anta at effekten på distriktets produksjonsresultat frå Hamnefjell er forholdsvis liten.

I rapporten blir det konkludert, med ein viss usikkerheit, at konsekvensane for rein og reindrift for det andre byggetrinnet vil ha ein noko negativ konsekvens i anleggsfasen og ubetydeleg konsekvens i driftsfasen. Usikkerheita er knyta til i kva grad fleire vindturbinar vil gi ein forsterka skremmeeffekt innanfor areala sør og vest for vindkraftverket, kor reinen alt er påverka av det første byggetrinnet.



## 4 NVEs vurdering

### 4.1 Nettkapasitet

NVE konstaterer at det er gjort naudsynte investeringar i regionalnettet til å ta imot produksjonen frå det andre byggetrinnet i Hamnefjellet vindkraftverk. Vidare konstaterer vi at det ikkje er tilstrekkeleg nettkapasitet i transmisjonsnettet til å realisera det andre byggetrinnet innan noverande frist for idriftsetting, 31.12.2021. I det tredje vilkåret i anleggskonsesjonen står det at ledig nettkapasitet må dokumenterast før bygginga av vindkraftverket blir sett i gang.

Etter at Statnett SF sendte inn sitt høyringsinnspel hausten 2021, har dei sendt inn konsesjonssøknad om å bygga ein 420 kV kraftleidning mellom Lebesby og Seidafjellet ved Varangerbotn.<sup>8</sup>


Statnett SF sin søknad om å bygga ein 420 kV leidning mellom Skaidi og Lebesby er til handsaming hjå NVE, medan søknaden om å bygga ein 420 kV leidning mellom Lebesby til Seidafjellet (Varangerbotn) ligg i kø for å blitt tatt til handsaming. I søknaden om leidning mellom Lebesby og Seidafjellet anslår Statnett at oppstart av anleggsarbeid vil skje tidlegast 6–12 månader etter at alle løyver er gitt, med ferdigstilling og idriftsetting av alle anlegg omtrent 3 år etter oppstart.

Etter NVEs vurdering er det usikkert om leidningane mellom Skaidi og Lebesby og Lebesby og Seidafjellet vil vera ferdigstilt innan den omsøkte fristen for idriftsetting, 31.12.2026. Denne vurderinga er gjort på bakgrunn av at dei to sakane framleis ikkje er ferdighandsama eller tatt til handsaming, at eventuelle vedtak om konsesjon kan klagast inn til OED og at anleggsperioden kan ta lang tid. Dei to leidningane er delvis grunnjevne på bakgrunn av ny kraftproduksjon i Aust-Finnmark, blant anna byggetrinn to på Hamnefjell og byggetrinn tre på Raggovidda.

Viss leidninga mellom Skaidi og Seidafjellet ikkje er ferdig innan den omsøkte fristen på 31.12.2026, vil Hamnefjell vindkraftverk, trinn I + II, først på eit seinare tidspunkt kunne utnytta heile kapasiteten på 120 MW.

---

<sup>8</sup> NVE ref. 202120326-1



**Figur 2. Dagens nettsituasjon mellom Skaidi og Varangerbotn. Linjene som Statnett SF ynsker å rusta opp i Aust-Finnmark er markert i blått. Kjelde: NVEs temakart**

## 4.2 Eksisterande infrastruktur

NVE konstaterer at første byggetrinn i den sørlege delen av planområdet til Hamnefjell vindkraftverk allereie er bygd ut. Det er oppført vegar, nettlinjer, transformatorstasjon og anna infrastruktur. Sjølv om det ikkje er gjort fysiske inngrep i den nordlege delen der det andre byggetrinnet er planlagt, er området påverka av det første byggetrinnet slik at det ikkje lenger framstår som urørt.

## 4.3 Reindrift

NVE konstaterer at rapporten om reindrift legg til grunn at ei bygging av det andre byggetrinnet i Hamnefjell vindkraftverk vil føra til noko negativ konsekvens for reindriften under byggeperioden og ubetydelege konsekvensar under drift.

NVE konstaterer vidare at reindriften er positive til ei utsett frist for idriftsetting til 31.12.2026, forutsett at HV held seg til den privatrettslege avtalen som er inngått. NVE konstaterer vidare at HV skriv at dei er i dialog med Reinbeitedistrikt 7 med sikte på å få på plass ein revidert avtale. NVE har ingen myndigheit til å handsama privatrettslege avtalar og kan ikkje kommentera dette vidare. NVE vil sette krav om at detaljplan for det andre byggetrinnet skal innehalde ei beskriving av planlagde avbøtande tiltak for reindriften.



NVEs vurdering er at ein utsett frist for idriftsetting ikkje fører til vesentleg endra verknadar for reindrifta samanlikna med det som vart vurdert i bakgrunn for vedtak 29.02.2012.

#### **4.4 Naturmangfald**

På konsesjonstidspunktet vurderte NVE at avbøtande tiltak, som å ta omsyn i hekketida og justering av turbinposisjonar ville være tilstrekkeleg for å forhindre eventuelle negative verknadar for sårbare fugleartar. For å avdekka om dette kunne være relevante tiltak vart det satt vilkår i konsesjonen om gjennomføring av forundersøkingar i eit år før anleggsstart, i og ved planområdet. Før bygging av første byggetrinn i Hamnefjell vindkraftverk, vart det gjennomført feltregistreringer i tråd med eit godkjent program hausten 2012 og våren 2013.<sup>9</sup> Det er ikkje gjennomført feltregistreringar av fugl sidan våren 2013.

I undersøkingane i 2012 og 2013 og den oppdaterte rapporten av 2022 er det knyta usikkerheit til kor representative åra 2012 og 2013 var med omsyn til populasjonsdynamikken hjå rovfugl. Det vart stilt spørsmål ved om smånagarbestandane, som er ein viktig drivar i økosystemet, var på eit lågt nivå. Samtidig vart det i undersøkingane frå 2012 og 2013 vist til at vegetasjonsdekket i planområdet tilsa at det sjølv i toppår ikkje ville være nemneverdig med smånagarar der, og at dette direkte og indirekte medførte låg rovfugltettleik.

Etter NVEs vurdering kan det ikkje utelukkast at antall fugl og fordelinga av desse i området er endra sidan feltundersøkingane i 2012 og 2013. NVE vil setta vilkår om at gamle reir skal undersøkast for ny hekkeaktivitet og resultata frå denne undersøkinga skal leggjast til grunn for detaljplanlegging for det andre byggetrinnet.

#### **4.5 Andre tema**

NVE konstaterer at oppdateringa av konsekvensutgreiinga for andre tema som synlegheit og støy ikkje har avdekka store endringar samanlikna med bakgrunn for vedtak av 29.02.2012.

### **5 Samla vurdering**

Fristen for idriftsetting av det andre byggetrinnet av Hamnefjell vindkraftverk var 31.12.2021. HV sendte den 07.09.2021 inn ein søknad om utsett frist for idriftsetting frå 31.12.2021 til 31.12.2026. Så lenge NVE har søknaden om utsett frist til handsaming, har vi framleis moglegheit til å forlenga fristen.

NVE meiner det er fleire forhold som talar for å innvilga utsett frist for idriftsetting for det andre byggetrinnet av Hamnefjell vindkraftverk. Deler av planområdet er allereie bygd ut i

---

<sup>9</sup> NVE ref. 200701187-124



samband med første byggetrinnet, til dømes vegar og anna infrastruktur. I tillegg ligg det andre byggetrinnet rett nord for det første byggetrinnet. Det vil ikkje bandlegga nye areal utover det som allereie er godkjent innanfor gjeldande planområde. Erfaringar frå det første byggetrinnet syner at kraftproduksjonen er større enn forventa, og at dette også vil vera tilfellet i det andre byggetrinnet.

NVE konstaterer at Båtsfjord kommune er positiv til ei utsett frist for idriftsetting og at reindrifta ikkje har merknadar til ei utsett frist for idriftsetting.

Det følgjer av naturmangfaldlova (nml) § 7 at prinsippa i §§ 8 til 12 skal leggst til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Basert på dei oppdaterte vurderingane og innkomne høyringsinnspel meiner NVE kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg til å fatta eit vedtak og tilfredsstillar krava satt i nml § 8. I perioden sidan konsesjonsvedtaket er det ikkje kome ny informasjon som tilseier at det ikkje bør innvilgast utvida frist for idriftsetting. NVE vurderer derfor at ei utvida frist for idriftsetting av det andre byggetrinnet på fem år ikkje vil gi vesentlege verknadar for naturmangfaldet samanlikna med det som ble vurdert i bakgrunn for vedtak av 29.02.2012.

NVE legg til grunn at manglande nettkapasitet er hovudårsaka til at det andre byggetrinnet ikkje vart realisert innan 2021. Sjølv om manglande nettkapasitet er utanfor HV sin kontroll, meiner NVE likevel at dette aleine ikkje er tilstrekkeleg til å gi ei utsett frist for idriftsetting. Avgrensinga i transmisjonsnettet har vore kjent sidan konsesjonen vart gitt. Etter NVEs vurdering er det og usikkert om det vil vera tilstrekkeleg nettkapasitet tilgjengeleg i løpet av 2026.

Dei nye kraftleidningane er mellom anna grunnlagt med ny vindkraft på Varangerhalvøya. Dersom andre byggetrinn på Hamnefjell ikkje vert realisert, vert nytteverknadane av dei nye kraftleidningane redusert. Viss utbygginga av kraftleidningane vert stoppa på grunn av dette, vil det ikkje vere mogleg å koma med eit nytt vindkraftprosjekt på Hamnefjell på lang tid. Etter NVEs vurdering er Hamnefjell trinn 2 eit godt samfunnsøkonomisk vindkraftprosjekt, og vi gir derfor utsett frist sjølv om det er usikkert om det er tilstrekkeleg nettkapasitet i 2026.

Stortinget har vedtatt ei meir restriktiv haldning til å gi utsett frist for vindkraftverk på land. NVE meiner likevel dette er ei spesiell sak, på linje med Raggovidda vindkraftverk tredje byggetrinn, som OED gav utsett frist for idriftsetting til 31.12.2026 under samanliknbare føresetnader. Vi legg og til grunn at kunnskapen om verknadar av det andre byggetrinnet av Hamnefjell vindkraftverk er oppdatert, og at kunnskapsgrunnlaget i saken om utsetting svarar til kunnskapsgrunnlaget vi ville hatt i ei heilt ny konsesjonsbehandling av saka.



**Etter ei samla vurdering meiner NVE det er rasjonelt å innvilga ei utsett frist for idriftsetting frå 31.12.2021 til 31.12.2026 og ein driftsperiode på 25 års frå det tidspunkt det andre byggetrinn blir sett i drift. NVE legg vekt på at søknaden har lokal støtte frå både kommunen og reindriften, at halve planområdet allereie er tatt i bruk til vindkraft med etablering av første byggetrinn med vegar og anna infrastruktur, og ei utsett frist for idriftsetting har få negative konsekvensar.**

## **6 Klageadgang**

Denne avgjera kan påklagast til Olje- og energidepartementet av partar i saken og andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker frå det tidspunkt denne underretning er komen fram, jf. fvl. kapittel VI. Sjå vedlagt informasjon om rett til å klaga.

Vi ber om at grunneigarar/rettshavarar vert informert om løyva. Underretninga skal etter forvaltningsloven gi opplysningar bl.a. om klageadgang, klagefrist og retten til å sjå sakens dokument. Vi ber derfor om at kopi av løyva vert sendt grunneigarane/rettshavarane. Kopi av orientering skal sendes til NVE.

Med helsing

Inga Katrine Johansen Nordberg  
direktør

Svein Grotli Skogen  
seksjonssjef

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner*

### **Mottakarliste:**

HAMNEFJELL VINDKRAFT AS

### **Kopimottakarliste:**

STATNETT SF

Båtsfjord kommune

Norges Miljøvernforbund

Sametinget / Samediggi

BARENTS NETT AS

Naturvernforbundet i Finnmark

NORSKE REINDRIFTSAMERS LANDSFORBUND

NORWEA

Finnmarkseiendommen (FeFo)

Forum for Natur og Friluftsliv Finnmark

Raggonjarga (Rakkonjarga) reinbeitedistrikt - Reinbeitedistrikt 7, Øst-Finnmark



STATSFORVALTEREN I TROMS OG FINNMARK  
TROMS OG FINNMARK FYLKESKOMMUNE  
MOTVIND NORD VUOSTABIEGGA DAVVIN



## Orientering om rett til å klage

Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kor skal du sende klaga?	Du må adressere klaga til Olje- og energidepartementet (OED), men sende den til NVE. NVEs e-postadresse er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrer vedtaket, vil vi sende klaga til OED.
Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er tre veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegger klaga før fristen går ut. Klaga kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klaga?	Klaga bør vere skriftleg. I klaga må du: <ul style="list-style-type: none"><li>- Skrive kva for vedtak du klagar på.</li><li>- Skrive kva for eit resultat du ynskjer.</li><li>- Opplyse om du klagar innanfor fristen.</li><li>- Underteikne klaga. Dersom du bruker ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klaga.</li></ul> I tillegg bør du grunngje klaga. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på NVEs vedtak, og klaga er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klaga, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klaga ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrer vedtaket til din føremon, kan du søkje om å få dekkja vesentlege og naudsynlege kostnader. Du må søkje om dette innan tre veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.

Denne forklaringa byggjer på forvaltningslovas reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.